

Til Sogndal Kommune

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane viser til høyring av planprogram for kommunedelplan for Hodlekve.

Hodlekve ligg i eit fjell- og utmarksområde som er mykje brukt til friluftsliv, både sommar og vinter, og som samtidig har viktige landskaps- og naturverdiar. Det er difor avgjerande at planprogrammet stiller tilstrekkeleg tydelege krav til kunnskapsgrunnlag, utgreiingar og vurderingar før ein tek stilling til vidare arealbruk og eventuell utbygging.

Naturvernforbundet meiner planprogrammet i for liten grad konkretiserer korleis omsynet til naturmangfald skal ivaretakast i planarbeidet. Det går fram at naturmiljø er eitt av fleire tema som skal vurderast, men det manglar klare krav om systematiske kartleggingar av naturtypar, artar og økologiske samanhengar (habitat og korridorar) i området. Etter naturmangfaldlova er det krav at avgjerder som kan påverke naturen skal byggje på tilstrekkeleg kunnskap. Dette inneber at planprogrammet bør stille krav om oppdatert kartlegging av biologisk mangfald, inkludert sårbare og trua naturtypar, viktige leveområde for vilt og eventuelle raudlista artar. Kartlegginga som eksisterer for området er gjennomført på hausten, og det er difor sannsynleg at nokre artar ikkje har blitt observert, og vi meiner ny kartlegging bør gjennomførast tidlegare på år. Spesielt meiner vi at myrområde, våtmark og annan karbonrik natur må kartleggast og vurderast grundig, både av omsyn til naturmangfald og klima. Dette er natur som vi veit ikkje kjem godt nok fram ved å berre bruke genererte kartlag.

Vidare meiner vi at planprogrammet må legge til rette for ei reell og heilskapleg konsekvensutgreiing. Eventuelle nye utbyggingsområde eller utviding av eksisterande anlegg må vurderast ikkje berre isolert, men samla, slik at ein får fram dei samla belastningane på natur, landskap og friluftsliv. Slike samla og langsiktige effektar er ofte undervurderte, men kan vere avgjerande for om eit område gradvis mister sine natur- og opplevingskvalitetar.

Planprogrammet viser til nasjonale og regionale føringar, men Naturvernforbundet saknar ei tydeleg forplikting til å bruke desse aktivt i vurderingane. Det bør gå klart fram at nasjonale forventningar til arealplanlegging, regionale planar og statlege retningslinjer for klima, naturmangfald og friluftsliv skal vere styrande for planarbeidet. Dette er særleg viktig i område der utbyggingsinteresser kan kome i konflikt med vern av natur og allmenne interesser.

Når det gjeld friluftsliv, er det positivt at planprogrammet løftar fram aktivitetsbasert bruk av området. Samstundes er det viktig at dette ikkje blir brukt som argument for vidare nedbygging av natur. Mange av kvalitetane som gjer Hodlekve attraktivt for friluftsliv, er nettopp knytt til opplevinga av relativt urørt natur, stillheit og landskap. Planprogrammet bør difor i større grad vektleggje korleis desse kvalitetane kan takast vare på, og korleis ein kan sikre allmenn tilgang til natur- og friluftsområde også i framtida.

Naturvernforbundet vil òg peike på at klimaomsyn er svakt omtalt i planprogrammet. Utbygging i fjellområde kan medføre auka transport, energibruk og tap av karbonlager i

naturen. Vi meiner det er nødvendig at planprogrammet stiller krav om vurdering av klimakonsekvensar, både i form av klimagassutslepp og klimatilpassing.

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane meiner kommunedelplanen for Hodlekve bør ta utgangspunkt i at området i hovudsak skal forvaltast som eit fjell- og friluftsområde med høge naturverdiar. Planen bør ha som overordna mål å sikre langsiktig vern av naturgrunnlaget, samtidig som ein legg til rette for enkelt og naturtilpassa friluftsliv. Eventuell vidare utvikling må skje innanfor naturen sine tålegrenser, og ikkje gjennom gradvis nedbygging eller fragmentering av landskap og natur.

Planen bør vere restriktiv når det gjeld nye utbyggingsområde, spesielt i urørte eller lite påverka naturområde. Eksisterande inngrep og anlegg bør vurderast kritisk før ein opnar for nye, og fortetting eller vidareutvikling bør berre vurderast der det ikkje kjem i konflikt med viktige naturverdiar. Naturvernforbundet meiner det er viktig at planen ikkje legg opp til ein utviklingslogikk der presset på naturen aukar over tid gjennom mange små, enkeltvise vedtak og utbyggingar.

Avslutningsvis vil vi understreke betydninga av openheit og medverknad. Planprogrammet bør konkretisere korleis lokale lag, organissasjonar og andre interesserte skal involverast i planprosessen, ikkje berre formelt gjennom høyringar, men også gjennom tidleg dialog og reell moglegheit til påverknad før viktige val blir gjort.

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane meiner samla sett at planprogrammet bør styrkjast for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag, tydelege miljøkrav og ei planlegging som tek vare på natur på lang sikt.

Beste helsing,

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
(org.nr.: 997950623)

Hanna Lie Bakken
Styreleiar



Naturvernforbundet

Sogn og Fjordane